

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	Hovudutval for samferdsel og mobilitet
<b>Møtestad:</b>	Fjernmøte
<b>Dato:</b>	12.01.2021
<b>Tid:</b>	09:00-16:00

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Jannicke Bergesen Clarke	Leiar	A
Arve Helle	Medlem	A
Per Jarle Valvatne	Medlem	A
Linda Merkesdal	Medlem	A
Marthe Hammer	Nestleiar	SV
Jenny Ellaug Følling	Medlem	SP
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	SP
Mona Høgli	Medlem	MDG
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Hanne Eva Husebø Kristensen	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Gunnar Moland	Medlem	H
Trym Helge Aafløy	Medlem	UA
Frank Willy Pedersen Djuvik	Medlem	FRP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP

Frå kl. 9.30

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Fylkesdirektør infrastruktur og veg
Målfrid Vik Sønstabø	Direktør Skyss
Petter Lem Gullestad	Spesialrådgjevar/møtesekretær

**Saksliste**

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>	<b>U.Off</b>
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 1/21	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
GK 2/21	Godkjenning av protokoll frå møte 25.11.2020	2019/149	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 1/21	Fastsett planprogram for E16 og Vossebanen Arna-Stanghelle	2020/76892	
RS 2/21	RS sak - Oppfølging av sikkerhetstilråding - sykkelulykke i Raunekleivtunnelen 2017.	2020/70723	
RS 3/21	Atløysambandet - status og framdrift	2020/46488	
RS 4/21	Rammeplan for avkøyrsløse og dispensasjon frå byggegrense	2020/57782	
RS 5/21	Gjennomgang av regelverket om skiltmynde	2020/50118	
RS 6/21	Kvinnherad kommune - innspel til nullutsleppspilot	2020/74874	
RS 7/21	Orientering om arbeid med ein mogleg Austevollpakke	2020/75404	
RS 8/21	Askøypakken - Status og moglegheit for vidareføring av pakken	2020/71396	
RS 9/21	Orientering om BT5 Bybanen til Åsane - skissefase dagalternativ	2020/75418	
RS 10/21	Brev frå Austevoll senterparti om ferjesituasjonen	2020/76054	
RS 11/21	Båtanbod Sogn og Fjordane - Status	2020/35690	
RS 12/21	Orientering - Fråsegn til oppstart av statleg reguleringsplan for E39 Stord-Os	2020/1116	
RS 13/21	Tilbakemelding - Vurdering av om endring av ferjesamband til Austevoll kommune vil omfattast av ferjeavløysingsordninga -	2020/75194	
RS 14/21	Revidert Bømløypakke - Vidare saksgang for eventuell proposisjon til Stortinget	2020/49137	
RS 15/21	Tilrettelegging for utlysing av nullutsleppspilot snøggått	2020/35690	
RS 16/21	Tilskot til fylkesveggar som er viktige for fiskeri og akvakultur - Tildeling	2020/59884	
RS 17/21	Utgreiing av bestillingstransport i Nordfjord	2020/76371	
RS 18/21	Detaljreguleringsplan for Teigaberg-Rindarane, søknad om fråvik frå krav om stoppsikt i N100 pkt. D.10 - oppfølging av vedtak	2020/79309	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 1/21	Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 - Løypemelding og hovudmål	2020/36671	
PS 2/21	Rammer for tilskotsordningane til trafikktrygging i 2021	2019/101	
PS 3/21	Konkurransetsetting av båtsamband i Sogn og Fjordane	2020/35690	
PS 4/21	Brukarbetaling på dei fylkeskommunale innfartsparkeringsplassane - oppfylgging av utsetjingsvedtak 04.11.2020	2020/72402	
PS 5/21	Strategi for bærekraftig mobilitet - rammeverk	2020/71520	
PS 6/21	Båtanbod rutepakke 3 - opsjon universell utforming	2020/35690	
PS 7/21	Strategi for mjuke trafikantar, løypemelding og mål	2020/36671	
PS 8/21	Eigarstyring Bybanen AS	2020/54631	
PS 9/21	Nasjonal rassikringsgruppe - uttale til foreslåtte vedtekter frå 2020	2020/45365	

# Godkjenningssaker

## **GK 1/21 Godkjenning møteprotokoll forrige møte**

Saka hadde feilaktig fått tittel «Godkjenning av møteprotokoll forrige møte». Korrekt tittel skulle vere «Godkjenning av innkalling og sakliste».

Innkallinga og saklista vart godkjend utan merknader.

## **GK 2/21 Godkjenning av protokoll frå møte 25.11.2020**

Protokoll frå møte 25.11.2020 vart godkjend utan merknader.

# Referatsaker

RS 1/21 Fastsett planprogram for E16 og Vossebanen Arna-Stanghelle

Vart referert.

RS 2/21 RS sak - Oppfølging av sikkerhetstilråding - sykkelulykke i Raunekleivtunnelen 2017.

Vart referert.

RS 3/21 Atløysambandet - status og framdrift

Vart referert.

RS 4/21 Rammeplan for avkøyrsløse og dispensasjon frå byggegrense

Vart referert.

RS 5/21 Gjennomgang av regelverket om skiltmynde

Vart referert.

RS 6/21 Kvinnherad kommune - innspel til nullutsleppspilot

Vart referert.

RS 7/21 Orientering om arbeid med ein mogleg Austevollpakke

Vart referert.

RS 8/21 Askøypakken - Status og moglegheit for vidareføring av pakken

Vart referert.

RS 9/21 Orientering om BT5 Bybanen til Åsane - skissefase dagalternativ

Vart referert.

RS 10/21 Brev frå Austevoll senterparti om ferjesituasjonen

Vart referert.

RS 11/21 Båtanbod Sogn og Fjordane - Status

Vart referert.

RS 12/21 Orientering - Fråsegn til oppstart av statleg reguleringsplan for E39 Stord-Os

Vart referert.

RS 13/21 Tilbakemelding - Vurdering av om endring av ferjesamband til Austevoll kommune vil omfattast av ferjeavsløysingsordninga -

Vart referert.

RS 14/21 Revidert Bømlopakke - Vidare saksgang for eventuell proposisjon til Stortinget

Vart referert.

RS 15/21 Tilrettelegging for utlysning av nullutsleppspilot snøggått

Vart referert.

RS 16/21 Tilskot til fylkesvegar som er viktige for fiskeri og akvakultur - Tildeling

Vart referert.

RS 17/21 Utreiing av bestillingstransport i Nordfjord

Vart referert.

RS 18/21 Detaljreguleringsplan for Teigaberg-Rindarane, søknad om fråvik frå krav om stoppsikt i N100 pkt. D.10 - oppfølging av vedtak

Vart referert.

# Politiske saker

## PS 1/21 Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 - Løypemelding og hovudmål

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet rår til at hovudmålet for Regional transportplan 2022 - 2033 for Vestland er «Vestland skal ha eit trafikksikkert og framtidretta transportsystem som legg til rette for berekraftig mobilitet og samfunnsutvikling».
2. Fylkesutvalet sluttar seg til framdriftsplanen slik den er skissert i saksframlegget.

### Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.01.2021

**Frank Willy Djuvik (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Ta inn ordet "effektivt" som del av målformuleringen.»

**Mona Høgli (MDG)** sette på vegner av MDG, SV, A, Krf og Sp fram slike forslag:

«Alternativ punkt 1:

Vestland skal ha eit trygt og framtidretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling.»

«Endring stikkord under Mål 2:

Endre frå «Bremse nedbygging av viktige naturområde, naturtypar og landskap» til «Begrense nedbygging av viktige naturområde, naturtypar og landskap»»

**Gunnar Moland (H)** sette fram slikt forslag:

«Tilleggsforslag i tabell under stikkordene til Mål 4:

Etter «Legge til rette for deltaking for alle aldrar.», tillegg: «og for menneske med nedsett funksjonsevne»»

**Sigbjørn Framnes (Frp)** sette fram slike forslag:

«Tillegg under Mål 1:

«Sikre god lokal / regional konkurransekraft for næringslivet»

«Redusere reisetid»»

### Avrøysting

Innstillinga punkt 1 fekk 6 røyster (H, Frp og UA) og fall.

Høgli sitt forslag alternativ punkt 1 vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp og UA).

Djuvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Høgli sitt forslag endring av stikkord vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp og UA).

Moland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Framnes sine forslag vart begge samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 2 vart samrøystes vedteke.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet rår til at hovudmålet for Regional transportplan 2022 - 2033 for Vestland er:

«Vestland skal ha eit effektivt, trygt og framtidretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling.»

2. Stikkordstabell for kva som er viktig for å nå måla i utviklingsplan for Vestland, vert justert slik:  
Tillegg under Mål 1: Sikre god lokal / regional konkurransekraft for næringslivet  
Tillegg under Mål 1: Redusere reisetid  
Endring under Mål 2: Begrense nedbygging av viktige naturområde, naturtypar og landskap  
Tillegg under Mål 4: ... og for menneske med nedsett funksjonsevne
3. Fylkesutvalet sluttar seg til framdriftsplanen slik den er skissert i saksframlegget.

## PS 2/21 Rammer for tilskotsordningane til trafikktrygging i 2021

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet fastset rammene for tilskotsordningane til trafikktrygging i 2021 i tråd med tilrådinga. Av 16,818 mill. kr sett av til FTU-midlar i 2021 vert følgjande fordelt til tilskotsordningane:

Rammer for tilskotsordningane til trafikktrygging i 2021	
Post	Sum ramme
Tilskot til trafikktryggingsaktivitetar	2 000 000
Tilskot til kommunale trafikktryggingsplanar	1 300 000
Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak	10 600 000

2. Hovudutval for samferdsel og mobilitet ber fylkesdirektøren om å koma attende til utvalet med sak om fordeling av dei resterande FTU-midlane for 2021.

## Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.01.2021

### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Hovudutval for samferdsel og mobilitet fastset rammene for tilskotsordningane til trafikktrygging i 2021 i tråd med tilrådinga. Av 16,818 mill. kr sett av til FTU-midlar i 2021 vert følgjande fordelt til tilskotsordningane:

Rammer for tilskotsordningane til trafikktrygging i 2021	
Post	Sum ramme
Tilskot til trafikktryggingsaktivitetar	2 000 000
Tilskot til kommunale trafikktryggingsplanar	1 300 000
Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak	10 600 000

2. Hovudutval for samferdsel og mobilitet ber fylkesdirektøren om å koma attende til utvalet med sak om fordeling av dei resterande FTU-midlane for 2021.

## PS 3/21 Konkurransetsetting av båtsamband i Sogn og Fjordane

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet ber om at konkurransen og kontrakten for Rutepakke 1 vert utforma i samsvar med administrasjonen sitt forslag i Vedlegg 1.
2. Fylkesutvalet ber om at konkurransen og kontrakten for Rutepakke 2 vert utforma i samsvar med administrasjonen sitt forslag i Vedlegg 2.
3. Fylkesutvalet ber om at produksjonsvolumet for Rutepakke 2 vert dimensjonert i samsvar med kva kommunar som har signert intensjonsavtale om kommunale tilleggskjøp før konkurransekunngjering.
4. Fylkesrådmannen gis fullmakt til å kunngjere konkurransane i samsvar med punkta 1, 2 og 3. Konkurransane omfattar eit hovudtilbod med delvis nullutsleppsteknologi og ein opsjon om kortvarig konvensjonell drift. Fylkesrådmannen gis fullmakt til å tildele og signere slike kontraktar etter endt konkurranse.
5. For fylkesutvalet vil bruk av nullutsleppsteknologi avhenge av at fylkeskommunen mottok tilstrekkeleg støtte frå verkemiddelapparatet og statleg medfinansiering. Fylkesutvalet ber politisk og administrativ leiing drøfte med sentrale styresmakter korleis dei nasjonale og regionale ambisjonane om utsleppskutt kan verte finansiert. Finansieringssituasjonen må avklarast før fylkeskommunen tek endeleg stilling til bruk av hovudtilbod eller opsjon.
6. Etter kontraktsignering, når kostnadene er kjend og finansieringssituasjonen er avklart, kjem fylkesrådmannen attende til fylkesutvalet med framlegg til bruk av hovudtilbodet (delvis nullutsleppsteknologi) eller opsjonen (kortvarig konvensjonell drift). Dette må skje før det gjerast større investeringar i fartøy eller på landside.

### Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.01.2021

**Frank Willy Djuvik sette fram slikt forslag til utsetjing:**

«Hovudutval for samferdsel og mobilitet utset saka til neste møte. Ein ber om at det vert utgreia ei løysing med raskare fartøy på kystvegekspressen, og at ein vurderer mulige konsekvensar av ei rute nordover til/frå Ålesund etter Stad skipstunnel opnar i 2025. Ein kan vurdere å sjå kystvegekspressen i samanheng med ei framtidig rute mot Ålesund.»

### Avrøysting utsetjingsforslag

Djuvik sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall. Saka vart difor realitetsbehandla.

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, A, Krf, MDG, Sp og H fram slike forslag:

«Tillegg punkt 1:

«..., men med følgjande endringar:

- alt drivstoff i kontrakten skal være fornybart. Resterande drivstoff som ikkje vert dekt av nullutsleppsteknologi, skal vere berekraftsertifisert biodrivstoff (ikkje palmeolje, eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon).»

«Tillegg punkt 2:

«..., men med følgjande endringar:

- alt drivstoff i kontrakten skal være fornybart. Resterande drivstoff som ikkje vert dekt av nullutsleppsteknologi, skal vere berekraftsertifisert biodrivstoff (ikkje palmeolje, eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon).

- Fylkesutvalet føreset at nullutsleppspiloten i det pågåande samarbeidet med Trøndelag vert gjennomført på strekninga for Kystvegekspressen (Florøy-Måløy-Selje).»

**Frank Willy Djuvik (Frp)** sette fram slike forslag:

«Tillegg punkt 2:



Før utlysning skal ein utgreie ei løysing med hurtigare fartøy på Kystvegekspressen.»

«Nytt punkt 7:

Fylkesutvalet ber om at det før utlysning vert utgreia korleis konkurransen kan innrettast slik at det ikkje hindrer framtidige rutekjøp nordover mot Ålesund etter at Stad Skipstunnel opnar.»

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Hammer sine forslag vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

Djuvik sine forslag fekk 3 røyster (Frp og UA) og fall.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet ber om at konkurransen og kontrakten for Rutepakke 1 vert utforma i samsvar med administrasjonen sitt forslag i Vedlegg 1, men med følgjande endringar:
  - alt drivstoff i kontrakten skal være fornybart. Resterande drivstoff som ikkje vert dekt av nullutsleppsteknologi, skal vere berekraftsertifisert biodrivstoff (ikkje palmeolje, eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon).
2. Fylkesutvalet ber om at konkurransen og kontrakten for Rutepakke 2 vert utforma i samsvar med administrasjonen sitt forslag i Vedlegg 2, men med følgjande endringar:
  - alt drivstoff i kontrakten skal være fornybart. Resterande drivstoff som ikkje vert dekt av nullutsleppsteknologi, skal vere berekraftsertifisert biodrivstoff (ikkje palmeolje, eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon).
  - Fylkesutvalet føreset at nullutsleppspiloten i det pågåande samarbeidet med Trøndelag vert gjennomført på strekninga for Kystvegekspressen (Florø-Måløy-Selje).
3. Fylkesutvalet ber om at produksjonsvolumet for Rutepakke 2 vert dimensjonert i samsvar med kva kommunar som har signert intensjonsavtale om kommunale tilleggskjøp før konkurransekunngjering.
4. Fylkesrådmannen gis fullmakt til å kunngjere konkurransane i samsvar med punkta 1, 2 og 3. Konkurransane omfattar eit hovudtilbod med delvis nullutsleppsteknologi og ein opsjon om kortvarig konvensjonell drift. Fylkesrådmannen gis fullmakt til å tildele og signere slike kontraktar etter endt konkurranse.
5. For fylkesutvalet vil bruk av nullutsleppsteknologi avhenge av at fylkeskommunen mottek tilstrekkeleg støtte frå verkemiddelapparatet og statleg medfinansiering. Fylkesutvalet ber politisk og administrativ leiing drøfte med sentrale styresmakter korleis dei nasjonale og regionale ambisjonane om utsleppskutt kan verte finansiert. Finansieringssituasjonen må avklarast før fylkeskommunen tek endeleg stilling til bruk av hovudtilbod eller opsjon.
6. Etter kontraktsignering, når kostnadene er kjend og finansieringssituasjonen er avklart, kjem fylkesrådmannen attende til fylkesutvalet med framlegg til bruk av hovudtilbodet (delvis nullutsleppsteknologi) eller opsjonen (kortvarig konvensjonell drift). Dette må skje før det gjerast større investeringar i fartøy eller på landside.

## **PS 4/21 Brukarbetaling på dei fylkeskommunale innfartsparkeringsplassane - oppfølging av utsetjingsvedtak 04.11.2020**

Forslag til vedtak

1. Det vert ikkje innført brukarbetaling på dei fylkeskommunale innfartsparkeringsplassane for budsjettåret 2021.
2. Hovudutval for samferdsle og mobilitet sluttar seg til at det vert oppretta ei arbeidsgruppe innanfor Miljøløftet, som vil utarbeida overordna føringar for fagområdet innfartsparkering for heile avtaleområdet.
3. Dei overordna føringane vert lagt fram for lokalpolitisk handsaming hjå partane i Miljøløftet, inkludert hovudutval for samferdsel og mobilitet, og skal deretter inngå som ein del av handlingsprogrammet.

### **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.01.2021**

#### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Det vert ikkje innført brukarbetaling på dei fylkeskommunale innfartsparkeringsplassane for budsjettåret 2021.
2. Hovudutval for samferdsle og mobilitet sluttar seg til at det vert oppretta ei arbeidsgruppe innanfor Miljøløftet, som vil utarbeida overordna føringar for fagområdet innfartsparkering for heile avtaleområdet.
3. Dei overordna føringane vert lagt fram for lokalpolitisk handsaming hjå partane i Miljøløftet, inkludert hovudutval for samferdsel og mobilitet, og skal deretter inngå som ein del av handlingsprogrammet.

## **PS 5/21 Strategi for bærekraftig mobilitet - rammeverk**

Forslag til vedtak

Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til rammene for arbeidet med strategi for berekraftig mobilitet slik det kjem fram i saka.

### **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.01.2021**

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, A, Sp, Krf og MDG fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett til neste møte og vert kombinert med eit miniseminar om berekraftig mobilitet.»

#### **Avrøysting utsetjingsforslag**

Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Saka vert utsett til neste møte og vert kombinert med eit miniseminar om berekraftig mobilitet.

## PS 6/21 Båtanbod rutepakke 3 - opsjon universell utforming

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen løyse ut opsjon om universell utforming for rute 14-318 og 14-334 i kontrakten for rutepakke 3 - lokalbåtsambanda i Gulen og Solund

### Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.01.2021

#### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

1. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen løyse ut opsjon om universell utforming for rute 14-318 og 14-334 i kontrakten for rutepakke 3 - lokalbåtsambanda i Gulen og Solund

## PS 7/21 Strategi for mjuke trafikantar, løypemelding og mål

Forslag til vedtak

Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til hovudmål og delmål i arbeidet med strategi for mjuke trafikantar i Vestland fylkeskommune.

### Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.01.2021

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av Krf, A, Sp, MDG, og SV fram slikt forslag:

«Tillegg:

Hovudutval for samferdsel og mobilitet vedtek å lage ein strategi for mjuke trafikantar. Den skal innehalde delstrategiar for

-Sykkelbruk på fylkesvegar med særleg merksemd på Bergen og andre byar / større tettstader

-Gange

-Barnas transportplan

-Mikromobilitet

Hovudmål: Fleire skal gå eller sykle i staden for å nytte bil

Delmål 1: Sykkel skal vere føretrekt reisemåte i byar og større tettstader

Delmål 2: Gåande skal kjenne seg trygge og få tilrettelagde snarvegar

Delmål 3: 80% av elevar utan ordinær skuleskyss skal gå eller sykle til skulen.

Avstandsulempene for å bu i distriktet skal reduserast.

Delmål 4: Energieffektive framkomstmiddel til dagleg bruk og erstatning for bil.»

#### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

Hovudutval for samferdsel og mobilitet sluttar seg til hovudmål og delmål i arbeidet med strategi for mjuke trafikantar i Vestland fylkeskommune, med følgjande endringar:

Hovudutval for samferdsel og mobilitet vedtek å lage ein strategi for mjuke trafikantar. Den skal innehalde delstrategiar for

- Sykkelbruk på fylkesvegar med særleg merksemd på Bergen og andre byar / større tettstader
- Gange
- Barnas transportplan
- Mikromobilitet

Hovudmål: Fleire skal gå eller sykle i staden for å nytte bil

Delmål 1: Sykkel skal vere føretrekt reisemåte i byar og større tettstader

Delmål 2: Gåande skal kjenne seg trygge og få tilrettelagde snarvegar

Delmål 3: 80% av elevar utan ordinær skuleskyss skal gå eller sykle til skulen. Avstandsuilempene for å bu i distriktet skal reduserast.

Delmål 4: Energieffektive framkomstmiddel til dagleg bruk og erstatning for bil.

## PS 8/21 Eigarstyring Bybanen AS

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek eigarstrategien for Bybanen AS slik den føreligg.

### Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.01.2021

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** reiste spørsmål kring eiga habilitet, då ho er styremedlem i Bybanen AS.

Utvalet vedtok samrøystes at Ekeland Bjørkly var inhabil, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2. Ekeland Bjørkly tok ikkje del i saksbehandlinga.

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

I det vidare arbeidet med eigarstrategi er det ønskjeleg at innkjøpsreglar for eksterne tenester og klargjering av ansvar for tryggleik med eksternt firma som har det daglege ansvaret for drifta, vert omtalt i eigarstrategien.»

### Avrøysting

Det var 14 medlemmer til stades.

Innstillinga vart samrøyste vedteke.

Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet vedtek eigarstrategien for Bybanen AS slik den føreligg.

I det vidare arbeidet med eigarstrategi er det ønskjeleg at innkjøpsreglar for eksterne tenester og klargjering av ansvar for tryggleik med eksternt firma som har det daglege ansvaret for drifta, vert omtalt i eigarstrategien.

## PS 9/21 Nasjonal rassikringsgruppe - uttale til foreslåtte vedtekter frå 2020

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune gir sin tilslutnad til dei foreslåtte vedtektene for Nasjonal rassikringsgruppe.

### Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.01.2021

**Jenny Følling (Sp)** reiste spørsmål kring eiga habilitet, då ho sit som medlem i Nasjonal rassikringsgruppe.

Utvalet vedtok samrøystes at Følling var habil og kunne ta del i saksbehandlinga.

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vestland fylkeskommune gir sin tilslutnad til dei foreslåtte vedtektene for Nasjonal rassikringsgruppe.

# Skriftlege spørsmål

## SI 1/21 Spørsmål frå Hammer (SV) - fotgjengerovergang Øvre Kråkenes

Fylkesdirektøren viser til spørsmål datert 6.1.2021 frå representant Marthe Hammer (SV). Det blir etterlyst gangfelt ved avkøyrslle mellom Øvre Kråkenes 154-158 og avkøyrslle til Øvre Kråkenes 191-213. Det er ynskje frå innbyggjarar om gangfelt då dette er eit kryssingspunkt der skuleelevar og andre kryssar til skule, fotballbane mv. Alternativ er lengre omvegar. Det blir også vist til at det er oppført betongrekkverk langs gang/sykkelvegen som er til hinder for kryssing. Spørsmål er etter dette:

- Kvifor er det ikkje lagt ein fotgjengerovergang her?
- Er det planar om å lage ein fotgjengerovergang her?
- Kva må til for å få ein fotgjengerovergang her?
- Kva er prisen for å lage ein fotgjengerovergang her?

### Svar:

Fv. 5372 Øvre Kråkenes er fylkesveg med fartsgrense 40 km/t supplert med fysiske fartsdempande tiltak i form av fartshumpar og heva gangfelt. I følge Vegdatabanken er trafikkmengda 3800 ÅDT (gjennomsnittleg tal passerande køyretøy pr. døgn pr. år). Strekinga er kollektivtrase. Det er ein-sidig langsgående tilbod med gang- og sykkelveg skilt frå køyrevegen med lågt betongrekkverk.

Det er ikkje registrert trafikkuulykker med personskade på denne delen av Øvre Kråkenes i siste 10-årsperiode.

I 2008 vart det utarbeidd ei områdevis trafikksikkerheitsutgreiing for skulekrinsane Bønes og Øvre Kråkenes i regi av Bergensprogrammet (no Miljøløftet). I denne utgreiinga vart det mellom anna gjort kartlegging og registreringar av gangfelt og kryssingspunkt, inklusive det aktuelle punktet. Registreringane viste at det var for få kryssande i dette punktet i forhold til gangfeltkriteria, mens andre tiltak som innføring av 40 km/t-fartsgrense med fysisk fartsdemping vart utført i 2009. Det er gangfelt i krysset like sør (ca. 150 m), medan det er mogeleg å nytte lågtrafikkerte bustadvegar for å komme til neste kryssing 250 lenger nord som er ved skulen. Som det blir sagt i spørsmålet vil kryssing i dette punktet representere kortaste veg til enkelte målpunkt.

Pga. låg vegbreidde vart i 2017 køyrebreidda utvida slik at bussar kunne møtast. Det tidlegare stålrekkverket mellom gang- og sykkelvegen og køyrevegen vart erstatta av betongrekkverk (såkalla Svelvik-ellipse).

Det er etter dette ikkje gjort konkrete vurderingar om gangfelt her, og det er soleis heller ikkje sett av eller prioritert midlar til slikt tiltak i Miljøløftet.

Etablering av gangfelt blir generelt handsama etter reglane i Statens vegvesens handbok V127 *Kryssingssteder for gående*. Handboka omhandlar krav til kryssingsmengde, fartsnivå, sikt, veglys, universell utforming UU, tilstrekkeleg fortausareal mv.

Med bakgrunn i at det er lenge sidan gangfeltsspørsmålet her sist var vurdert, vil me gjennomføre nye registreringar for å gjere ei ny vurdering. Me ser då for oss å gjere registreringar fram mot sommaren 2021 då det venteleg vil vere ein generelt meir normal trafikksituasjon (korona-tiltak etc.).

I tillegg til moderate kostnader til oppmerking, skilting, lys og universell utforming vil det, avhengig av lokale tilhøve og eksisterande infrastruktur, vere varierende kostnader til drenering, straum til veglys, evt. fortausbitar, evt. fysisk fartsdemping, evt. terrengingrep for sikt, arbeidsvarsling og trafikkavvikling mv. ved etablering av gangfelt.

Med bakgrunn i registrering og vurdering i inneverande år, vil eit evt. gangfelt kunne gjennomførast påfølgjande år, avhengig av tilgjengeleg finansiering og prioritering mot andre aktuelle trafikksikringstiltak i Miljøløftet.

## SI 2/21 Spørsmål frå Helle(A) - Varslingsteneste på SMS fv 609

Arve Helle har i e-post av 6.1.2021 sett fram følgjande spørsmål:

«Eg har fått tilbakemelding om at varslingstenesta på SMS om stengd fv 609 Askvoll-Førde ved dårleg vær vart stoppa etter omlegging til ny fylkeskommune. Det er eit sterkt ønske lokalt om å ha denne tenesta då dette gjorde kvardagen enklare for dei reisande på ein veg som ofte blir stengd ved dårleg vær. Er det aktuelt å opprette denne tenesta i Vestland?»

Vårt svar:

Statens vegvesen oppretta SMS-varsling på dei mest skredutsette strekningane i Sogn og Fjordane. Denne varslinga fungerte slik at alle som melder seg på tenesta får ein SMS når vegen er stengt grunna skred, eller stengast grunna fare for skred.

Dette gjeld strekningane:

- Fv. 5641 Hafslo - Veitastrond
- Fv. 5722 Sunde - Flo
- Fv. 5723 Loen - Kjendalen
- Fv. 5724 Olden - Briksdalen
- Fv. 5744 Fossebakken - Navelsaker
- Fv. 609 Førde - Askvoll

Den første strekninga som fekk denne tenesta var Sunde - Flo ca. 2008, og dei andre strekningane kom med i samband med ny driftskontrakt for Nordfjord i 2011.

Hordaland har ikkje hatt denne tenesta.

Ved ei skredhending i Oldedalen i november 2020 vart vi kjende med at denne tenesta ikkje lenger fungerte. Vi sjekka dette, og har kome fram til at den gjekk ut i samband med avviklinga av sams vegadministrasjon ved årsskiftet 2019-2020.

Etter møte med Vegtrafikksentralen (VTS) og ordførarane i dei aktuelle kommunane sette vi i gang eit arbeid for å få tenesta på plass att. Vi ventar at leverandøren vil ha dette klart i løpet av januar 2021.

## SI 3/21 Spørsmål frå Valvatne (A) -Skuleskyss med drosje kjem ikkje til tida

Representanten **Per Jarle Valvatne (A)** har stilt slikt spørsmål:

Me har fått attendemeldingar frå foreldre til born med særskilde behov om at ein opplever at skuleskyss med drosje ikkje kjem til tida og i nokre tilfelle ikkje i det heile. Finns det eit avvikssystem som desse foreldra kan nytte seg av ?

I tillegg så ynskjer me svar på om det er mogeleg å inngå avtalar med drosjeselskapa som i størst mogeleg grad sikrar at borna i denne gruppa får tilgang til faste sjåførar.

Fylkesdirektøren:

Ein del elevar har av ulike årsaker rett på individuelt tilrettelagt skuleskyss. Transporten skal vere føreseieleg og sikre at elevane vert henta og levert til fast avtalte tider. Elevar har ikkje rett på fast sjåfør i samband med skuleskyss, men alle våre operatørar prøver å imøtekome faste sjåførar på flest mogleg turar.

Klage og avvik på tilrettelagt skuleskyss meldast direkte til drosjeoperatør. Operatør skal svare ut alle avvik direkte, og sette inn tiltak for å sikre at skuleskyss vert levert i tråd med kontraktsette rammer. Skyss følger kontinuerleg opp med operatør, og i dialog med skular. Ein kan også sende klager på transport direkte til Skyss om ønskjeleg, og då særskilt om ein opplever gjentatte avvik.

I situasjonen vi når står oppe i med Covid-19 og tiltak som ofte gjer at endringar må skje på kort tid, har det dessverre oppstått litt meir forseinkingar enn i eit normalbilde grunna pressa kapasitet hos våre drosjeoperatørar. Dette fører også til at det ikkje er mogleg å oppfylle alle ønskjer om faste sjåførar.

## SI 4/21 Spørsmål frå Hammer (SV) -Sykkelstrategi - plan for sykkelveg, Christies gate og sykkelveg over torget

Representanten **Marthe Hammer** (SV) har stilt slikt spørsmål:

Samanhengande sykkelvegnett gjennom Bergen sentrum er en av de aller viktigaste faktorane for å lukkast med å auke talet på syklistar i Bergen. Mange av vegane i Bergen sentrum er fylkesvegar. I samband med handsaming av handlingsprogrammet til miljøløftet juni 2020 etterspør eg ein plan for sykkeltilrettelegging på fylkesvegane i Bergen, og spesielt for Bergen sentrum. Svaret den gang da var at ein venta på at Bergen sin sykkelstrategi skulle bli vedteke og at ein ville komme tilbake med ein plan for tilrettelegging for sykkel på fylkesvegane i Bergen etter at strategien var vedteke.

I bystyret i november ble sykkelstrategien for Bergen vedteken. Spørsmål til samferdsledirektøren:

1. Når kan ein forvente å få ei sak som viser ein plan for sykkeltilrettelegging på fylkesvegane i Bergen, og Bergen sentrum spesielt?

I samband med budsjettforhandlingane i Bergen bystyre så vart bystyret einig om følgjande formulering om sykkeltilrettelegging i Christies gate: «Høystandard sykkelvei, Christies gate. Bystyret ber byrådet i løpet av 1. halvår 2021 ta initiativ til å etablere en høystandard sykkelvei gjennom Christies gate, f.eks. ved å inndra et kjørefelt i Christies gate og gjøre det om til sykkelvei med forutsetning om at det ikke går utover kollektivtrafikken. Tiltaket skal eventuelt gjennomføres som en del av trafikkplan sentrum.»

Christies gate er fylkesveg, og ei slik etablering vil måtte skje i samarbeid med fylkeskommunen.

2. På kva måte kan fylkeskommunen legge til rette for at ein får etablert ein høgstandard sykkelveg gjennom Christies gate? Kva skal til for å få dette gjennomført?

I framlegg til bybanetrase over torget og bryggen som ble presentert i SAMO møtet før jul så kom det frem at det ikkje blir eit fullverdig tilrettelegging for sykkel over torget. Sykkelvegen vil gå i bilvegen over torget. Dette er ikkje eit fullgodt alternativ for eit framtidretta sykkeltilrettelegging i Bergen, og det er viktig at ein no i planleggingsfasen av ei så viktig sak som bybanen sørger for å finne dei beste løysingane, som kan sikre eit trygt og godt og fullverdig samanhengande sykkelveg gjennom sentrum. Da kan ikkje dette strekke stå igjen som ein flaskehals og hinder for å få eit godt sykkelvegnett.

3. Kva posisjon har fylkeskommunen sine representantar teke når det gjeld å finne gode løysingar for sykkel i arbeidet med bybanetrase over torget?
4. Tilrettelegging for fullverdig sykkelveg bør vere eit premiss for planlegginga av mobilitet og kommunikasjonsinfrastruktur for ein storby som Bergen. Kva alternativ finnes for ein fullverdig sykkelveg over torget, og kvifor er ikkje desse vald?
5. Kva skal til for at ei løysing der det eine bilfeltet vert gjort om til sykkelveg?

Svar frå fylkesdirektøren:

1. Sykkelstrategi for Bergen 2020-2030, vedteke av Bergen bystyre 17. november 2020, er utarbeidd av partane i Miljøløftet, deriblant Vestland Fylkeskommune. I strategien er det vist samanhengande sykkelnett i heile Bergen, også på dei fylkeskommunale vegane.

Etablering av sykkelveg gjennom sentrum har vore eit sterkt politisk og fagleg ønske over lengre tid. Det har vist seg vanskeleg å finne gode løysingar for denne ruta ettersom den treff på etablerte strukturar for gåande og kollektivtransport.

2. Fylkeskommunen jobbar tett med Bergen kommune i arbeidet med Bybaneprosjektet og tilhøyrande plan for hovudsykkelrute. Fylkeskommunen jobbar ut frå vedtak i fylkesutvalet 30.08.2018 til oppstartssaken: «Fylkesutvalet er tilfreds med at sykkelveg langs Bybanen til Åsane vert regulert som ein del av bybaneprosjektet. Fylkesutvalet rår til at tilrettelegging for gåande og syklande vert prioritert, men at standarden på sykkelvegane i sentrumsområda må bli vurdert i høve til tilgjengeleg areal og andre trafikantar sine behov».



3. Fylkeskommunen har saman med Bergen kommune, plankonsulent og vegvesenet forsøkt å finne dei beste løysingane for både bybane, buss, sykkel, gåande og byrom/bymiljø gjennom Bergen sentrum. I dei tronge gateløpa i Bergen sentrum er ein nøydd til å søka gode kompromiss mellom dei ovannemde transportformane. Gjennom arbeidet med skissefasen har ein sett at ein dedikert sykkeltrase over Torget vil ha eit for høgt konfliktnivå med gåande på Torget, samt at det blir for smale knip i gangtilkomsten til haldeplassen både frå sør (Vågsallmenningen) og nord (Rundetårn). Fylkeskommunen har difor støtta Bergen kommune i at krav til separasjon og standard må senkast slik at det vert lagt til rette for sykling i vegarealet på Torget, men på premissa til dei syklende. I reguleringsplanarbeidet må ein jobbe vidare med løysingar som gjer at syklistane følar seg invitert inn og tekne omsyn til.
4. Dersom ein i fase 1 (stengt for personbiltrafikk over Bryggen, men ikkje Torget) vel å leggje til rette for separat sykkelveg over Torget, vil dette føre til dårlegare tilbod til dei gåande og redusert kapasitet for busstrafikken over Torget. I fase 2 (stengt for personbiltrafikk over Bryggen og Torget) vil det vere mogleg å etablere betre løysingar for syklistane. Fylkeskommunen jobbar for at fase 1 skal verte så kort som mogleg.
5. I fase 2 vil det vere stengt for personbilar over Torget, og syklende kan ferdes utan konflikt med biltrafikk. Det vil framleis ferdast bussar, varebilar osb. over Torget. Gjennom planarbeidet vil ein gjera ei vurdering på om det i fase 2 er mogleg å nytta det eine køyrefeltet til sykkelveg.

### **SI 5/21 Spørsmål frå Helle(A) -Kva vil konsekvensen av ny drosjeforskrift innført i Norge i 2020 bli**

I 2020 vart ny drosjeforskrift innført i Norge. Vi er fleire som er uroa for kva konsekvensen av den vil bli både med tanke på tilgang på bilar i distrikta, men også næringa som heilskap. Vil fylkesrådmannen i løpet av våren gje hovudutval for samferdsle og mobilitet ei statusoppdatering på innføring av forskrifta ider ein også gjer greie for bruk av delegert fullmakt til rådmannen?

Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport:

Viser til tidlegare orientering i fylkesutvalet den 29.10.20/ PS 219, om situasjonen vedr. drosje og undersøkingar i samband med moglegheit for eineretta tiltak.

Vi kjem attende med svar på drosjesituasjonen samt arbeidet med einerett i rapport som blir framlagt for SAMO møte den 23. mars 21.